

*Peder Haug på medlemsmøte i Rotary:*

# — Verdas viktigaste yrke

Dei fleste søkarane til lærarutdanninga har gode karakterar, og skjerpa karakterkrav vil ikkje hjelpe mot den venta lærarmangelen. Diktanalyse og abstrakt matematikk i tidleg skulealder er ei bjørneteneste mot norske elevar. Stadige reformer er eit viktig hinder for god lærarutdanning. Dette var nokre av påstandane høgskuleprofessor Peder Haug presenterte for Ørsta Rotaryklubb.

Ein god skule og god utdanning er livgivande for samfunnet. Og den største rikdommen vi har i Noreg er verken olje eller fisk, men den som sit mellom øyra. Det er såleis avgjerande for samfunnet at vi har ein god skule, innleidde Peder Haug innlegget sitt med.

Mange hevdar at læraren er det viktigaste, men det er faktisk foreldra som er den mest avgjerande faktoren for korleis det går med grunnskuleelevar. Derne er kvaliteten på lærarane det som er viktigast. Såleis kan vi seie at av dei faktorene samfunnet «rår med», er lærarane dei viktigaste. Det er derfor viktig at vi held god styring med utdanninga av lærarane, hevda professor Haug på møtet i rotaryklubben.

## Aukande lærarmangel fram mot 2020

Statistisk sentralbyrå sine prognosar for lærarmangel fram mot 2020 viser at det vil vere 6.000 for få lærarar, noko som svarar til 10 % av lærarane i dag. Dersom forventast i elevtal og timetal vil slå til vil lærarmangelen vere heile 16.000 lærarar. I Møre og Romsdal treng vi årleg 300 nye lærarar; vi får tak i halvparten. I gjennomsnitt pensjonerer lærarane seg når dei er 58 år, og 1/3 av dei utdanna lærarane forsvinn ut av skulen. Det er såleis eit openbart problem vi står overfor i skuleverket dei komande åra.

Nosituasjonen i skulen er dessutan at elevane presterer uakseptabelt lågt. Dei seinare PISA-undersøkingane viser at Noreg ligg på gjennomsnittet i OECD-landa. Dette er lågare enn forventast og uakseptabelt fordi ein i Noreg bruker mykje pengar på skulen, og langt meir enn dei landa vi samanliknar oss med, minte Peder Haug medlemmene i yrkesnettverket Rotary om.

## Knusande kritikk

NOKUT-vurderinga av allmennlærarutdanninga gav ein knusande dom. Utdanninga gir ikkje gode nok lærarar, og NOKUT var sterkt kritisk til kvaliteten på utdanninga.

– Det har vore ein sterk og langvarig kritikk av både lærarane og lærarutdanninga i Noreg. Dette er ei dårleg marknadsføring. På den eine sida meiner dei fleste at læraryrket er eit viktig yrke, men dilemmaet er at yrket samstundes blir uthengt, peikte Haug på.

## Allmennlærarutdanninga blir utfasa

Løysinga frå dei styrande er at allmennlærarutdanninga no blir utfasa og erstatta av ei ny grunnskulelærarutdanning. Den nye utdanninga kom i 2010 og er delt i to; ei utdanning for lærarar i 1.–7. klasse og ei for 5.–10. klasse.

I Volda var måltalet for 1.–7. klasse 60, medan opptaket viste 30 studentar og i dag er studenttalet 20. Situasjonen for trinn 2, 5.–10. klasse, er betre. Eit måltal på 40, opptak på 50 og nosituasjonen på 48 viser at trinn 2 er meir populært og har mindre fråfall.

## Vegring mot matematikk

Medan trinn 1 har matematikk og norsk som obligatoriske fag, i tillegg til pedagogikk, så er det berre pedagogikk som er obligatorisk i trinn 2. Truleg er vegringa mot matematikk blant studentane stor. Dette er eit grunnleggjande problem, og Haug trur at matematikk blir gjort for vanskeleg tidleg. Abstrakt matematikk i tidlege skuleår er uheldig for å få talforståing, hevda professoren. Dette er det likevel usemje om i fagmiljøa i dag.

Tilsvarende problem er det med norskfaget. Det er ikkje fornuftig å innføre diktanalyse i ung alder. Å begynne for tidleg med det som er vanskeleg er kort sagt hovudårsaka til at dagens studentar har eit vanskeleg forhold til både matematikk og norsk.

## Auka respekt

Når det gjeld kva tiltak som kan sikre rekrutteringa til læraryrket, så er dette fleire. Å betre omdømet til yrket er viktig, og her er auka respekt viktig. Dette har blant anna med måten både barn, foreldre og media omtalar lærarane på. Lønnsauke er framleis på dagsorden, sjølv om lærarane allereie er mellom dei lønnsleiane i kommunane.

Frå enkelte hald har det blitt lagt fram forslag om strengare inntakskrav. Dagens karakterkrav frå vidaregåande skule er eit gjennomsnitt på 3,5 (frå 1 til 6 der 6 er best) og minst 3 i norsk og matematikk. Dersom kravet aukar til gjennomsnitt på 4,0 og minst 4 i norsk og matematikk vil 70 % av søkarane falle bort.

## Gode karakterar blant søkarane

Peder Haug peikte på at nivået er langt betre enn det enkelte liker å framstille det som. Det er svært få med høge karakterar, og svært få med låge karakterar. Dei fleste kan omtalast som studentar med gode karakterar frå vidaregåande.

Det er såleis eit dristig forslag som blant anna Høgre har framsett. Haug peiker på at dette forslaget kan føre til langt færre søkarar, og noko som vil forverre lærarmangelen betydeleg. Eit anna forslag Peder Haug er svært skeptisk til er forslaget om å gjere utdanninga til ein femårig mastergrad. Dette vil truleg føre til at mange ikkje får slutført utdanninga si, og dermed vil lærarmangelen auke.

Mange peiker på Finland som eit land å kopiere innanfor skuleverket. Høgskuleprofessoren peiker på at Finland, etter lausrivinga frå Russland, på mange måtar liknar det samfunnet vi hadde i Noreg etter andre verdskrig. Landet er prega av optimisme og ei sterk kraft i folket. Det er likevel ikkje uproblematisk å kopiere tiltaka i Finland. Situasjonen i Finland er at det er berre dei beste som blir lærarar, under ti prosent av søkarane får plass på lærarskulane.



*Høgskuleprofessor Peder Haug heldt foredraget «Korleis sikre rekrutteringa til læraryrket, verdas viktigaste?» for yrkesnettverket i Rotary.*

## Den gode læraren

Det som likevel kan gjerast i Noreg å ikkje endre lærarutdanninga fullstendig kvart femte-tiande år. Justeringar må gjerast, men den reformiveren som har prega Noreg har ført gale av stad.

I diskusjonen om lærarutdanninga blir det ofte stilt spørsmål om kva som er viktigast; fagkunnskapen eller formidlinga? Svaret er dessverre «begge deler». Fagkunnskap formidla med begeistring og entusiasme er det som karakteriserer den gode læraren, avslutta professor Haug til ein engasjert rotaryklubb.

**Geir Høydalsvik**